

P R O L O G.

til helselagsfesten i Seim den 29/12. 1960.

""""§§§""""

I Seim bur godtfolk langs fjord og strender,  
i tronge dalar og vide grender.  
Her såg dei dagsljøset fyrste gongen.  
Her høyrer borni på modersongen.  
Her vaken ungdom ser ljose leider,  
og søkjer kunnskap, til gagn og heider.  
Trulova unge på høg fjellsriset,  
dei ser - i draumsyn - kor paradiset:  
den framtidsheim dei i lag skal byggja,  
seg reiser fager, til vern og hyggja.  
Her trauste nevar held fast om styret  
på fårleg skipsleid, i ljøs frå fyret.  
Og harde hender med grev og spette  
gjer landevinning i mager jord,  
so heim og huslyd kan få sin mette  
i lune stova, ved duka bord.  
Her lyser kveldsol på mor og faren  
hjá odelsguten på fedregarden - - -  
Her strålar smil, og her blenkjer tåra.  
Her svaiar vogga. Her ventar båra.  
Her samlast frendar frå heid til hav  
kring fedrekyrkja i stille grav.

Vår gamle, stor-fagre barndoms bygd  
me ynskjer lukka i fred og trygd.  
Her vil me fremja vår folkehelsa.  
Her vil me søkja vår sjælefrelsa.

Sjå t. 13

Ja For satan herjar i dette Eden.  
Vil røva uskyld og rana freden,  
forvenda hugen, formyrkja vite,  
so kjærleiksbandet til Gud vert slite. - - -  
Her set han hardhendt sitt eige stempel  
på det som eingong var Herrens tempel.

I vårt land og vårt folk finst her krefter i dag  
- om ei vigsla til Odin og Tor -,  
som vil krossmerket strjuka av Noreg sitt flag,  
gjera heidensk vår syster og bror.  
Dei dreg Ordet sitt Gud-gjevne utsagn i tvil.  
Veikjer Bibelens mynde og makt.  
Spottar ordet om Hel med ein dårande smil.  
Gjer om inkje det Jesus hev sagt.  
Dei vil syna seg, sjølv der ein ventar det minst,  
- sveipt i kristeleg ljøsengleham -.  
Og - som svikaren fordom - kring Jesus dei finst.  
Ja, på Gud-vigde stad kjem dei fram.

Det er ikkje det verste om djevelen lær  
når med rova og hov me han sjå.  
Mykje vandare, når han som kristen seg ter :  
Øyder Gudslivet innan i frå.  
Gud må reisa oss vardar med brennande bål,  
som kan trollmakti få til å fly.  
Han må gjeva oss sverd av det reinaste stål,  
so me kamp kan vår fiende by.  
Me treng augo som skil millom svimling og korn,  
sjølv når svimlingen likjest Guds born.

Som morgonsol på ei nattkald eng  
tendrar strålar i dogg, vekkjer frostbunde liv,  
rettar blomane opp, som med krønne heng,  
gyller ringaste strå, bort alt nattmyrker driv,  
slik Guds Nâdesol er når i hjarto ho renn:  
Alle iskalde doggdropar glitrar og brenn.  
Kvar ein tærande tvil, alle lyster som batt,  
då kjem inn i Guds ljøs, or den trollmyrke natt.  
Ja, kvar jordbunden hug, sjølv det lettlyndte lag  
fær sin dom i Guds nåde sin solrenningsdag.:

All vår rettferd ser ut som eit tilsulka plagg.  
Og i kjøtet han sit, denne usæle tagg  
som er rotfest i hjarta sin djupaste grunn.  
Slik ein stend innfor Gud med ein tilstøppa munn.

Men i all denne solflaum av livande ljøs,  
som tek livet av heile vår rettferd og ros,  
stend vår Frelsar, og byd oss so hjarteleg inn  
til den fullførde soning ved krossdøden sin.

Kva skal me vår Frelsar svara  
på hans kjærleiksfyllte kall?  
Skal det enno lenger vara  
før me ser vårt djupe fall?  
Grip hans gâva, bygde-frender.  
Søk hjå honom livd og skjol.  
Då vil me i våre grender  
få i sanning kristen jol.

Johs.M.L.Rydland.

N.B.

Vår gamle, storfagre barndomsbygd  
me ynskjer lukka og sjælefrelsa.  
Her vil me fremja vår folkehelsa,  
so me kan liva i fred og trygd.

Her vil me vera ei trufast verja  
mot sott og sjukdom som vil oss herja.  
Og hjelpa alt som er sjukt og armt,  
med hjartelag som er mjukt og varmt.  
Må Herren signa vårt helselag,  
so naud me lindrar, frå dag til dag.

Me vil kvæþ einskild i kveld få helsa,  
og saman verka for folkefrelsa.  
For sidan syndi ved fallet kom  
ligg alt vårt liv under død og dom.

Ja, Satan herjar no i Guds Eden o.s.b.